



**KFUK-KFUM  
SPEIDERNE**



**ALLTID BEREDT**

## NM i speiding 2015: andre infobrev.

No er det under ein måned til NM i speiding 2015!

Dei fleste kretsane har bestemt kva patruljar som skal reise, og påmeldingane strøymmer inn. Her kjem ein del informasjon som kan vere nyttig i førebuingane.

I Hognestad skulekrets bor det ca 800 innbyggjarar og ca 150 av desse bur ved skulen. Helga 5.-7. juni får skulekretsen over 100% auking i innbyggjartal. Hognestad skule kan skryte på seg å være den minste skulekretsen i distriktet med sine 90 elever. Ikkje langt frå skulen ligger Smokkevatnet som blir flittig brukt av elevane ved skulen.

Den første programaktiviteten på NM er konsert fredag kveld med TV Experience.

Fredag kveld, 5. juni er det klart for speidarkonsert med TV Experience. Dei har forma sitt uttrykk gjennom mange år med konsertar både i Norge, Sverige og England. De evner å gjere kvar konsert til ein unik oppleving. Dette blir ein kjempeoppleving, og me håpar flest mulig kjem i tide til dette.

### Transport

Me opnar for innrykk fredag 5.juni kl 15.

- For dei som kjem med fly: Busselskapet Jærlines kjører til Bryne. <http://jaerlines.no/> Prisen er per dags dato 55 kr for born og 150 (250 t/r) for vaksne. Ta buss til Bryne stasjon og fellestransport frå stasjonen.
- For dei som kjem med tog: Toget frå Oslo stoppar på Bryne stasjon.
- For dei som kjem med buss: Kystbussen stoppar i Stavanger rett ved togstasjonen. Ta deretter lokaltog til Bryne. Sør-vest-ekspressen stoppar i Sandnes, ta lokaltog derifrå til Bryne. Alternativt kan ein hoppe av på Moi og ta Oslo-toget vidare (sjekk rutetider og billetter på førehand, det er ikkje så mange alternative måtar å komme seg frå Moi til Bryne)
- For dei som kjem med bil: Det er få parkeringsplassar på sjølve NM-området. Det vil bli langtidsparkering nokre km frå Hognestad med shuttlebuss på fredag og tilbake på søndag. Send e-post om du har behov for parkering.
- Transport frå Bryne stasjon: Det vil vere fellestransport frå Bryne stasjon. Dette betales før du går på bussen. Fortrinnsvis betaler reiseleiari for patruljen. Prisen er ikkje fastsatt, men vil mest sannsynleg vere 50 kr per person. For å kunne planlegge dette best mulig bes det om at det meldes når de forventar å vere på Bryne.
- Transport søndag: Det vil bli satt opp busser til Bryne på søndag ettermiddag. Det blir også undersøkt om ein skal sette opp direkte transport frå Hognestad til Sola flyplass. Pris på dette vil komme.

### Bagasje (utstyr til patruljen)

Hognestad skule, Hågenholen 1, 4346 Bryne

## Innsjekk / Utsjekk

Innsjekking blir på Hognestad skule og startar kl 15 på fredagen. Utsjekk er etter kl 15 på søndag.

## Politiattest

*Hugs at alle som skal reise med speidarane må ha politiattest. Dette fordi dei har eit ansvarsforhold for speidarane når dei reiser, og fordi alle vil bli spurt om å ta oppdrag under arrangementet. Dette blir sjekka mot medlemsystema til forbunda ved innsjekk.*

## Helsekort

Alle speidarane skal ha med helsekort. Ha den i en konvolutt. I leiren skal Peff ta vare på alle på en grei plass. Helsekortet skal tas med om ein må besøke saniteten i leiren. Helsekortet kan finnes her: <http://nmispeiding.no/praktisk/?side=tilnedlasting>

## Reisefordeling for NSF-patroljer

NSF-patroljane betaler eit reisefordelingstillegg på 350 kroner per patrolje. Dette brukas til å gi støtte til patroljane som har reiseutgifter som overstiger gjennomsnittet, og som har søkt om reisefordeling innan oppgitt frist. Søknadsskjemaet for reisefordeling vil være tilgjengelig på NM-siden: <http://nmispeiding.no/praktisk/?side=tilnedlasting>

## Konkurransen

Dette er første året konkurransen blir heldt etter det nye NM-reglementet. Dette finn du her: <http://nmispeiding.no/praktisk/?side=tilnedlasting>

## Facebook og NMispeiding.no

Facebooksida til NM i speiding er en enkel måte å kommunisere med NM-arrangøren. Legg meldingar inn der, så blir de besvart så raskt som vi klarer. Info av meir generell art blir også lagt ut der. Her er link: <https://www.facebook.com/nmispeiding>  
Nettsida NM i speiding er staden der du finn det meste av info. <http://nmispeiding.no/>

## Mat for speidarar

Patroljane skal ha med all maten dei treng. Som nevnt i informasjonsbrev 1 må dette enten fraktast med heimefrå eller handlast på Bryne før de går på fellestransporten. Husk også mat til retur-reisen. Maten skal tilberedast og etast på leirområdet. Av sikkerhetsmessige årsakar er det ikkje lov å bruke raudspritapparat. Sjå og eige skriv frå program. Det er lov å bruke stormkjøkken, men raudsprut er forbudt. Speiderne må også ha med den maten dei skal benytte under oppgaven "Matoppgave" på lørdag.

## Mat for leiarar

Leiarprisen dekker både brødmatt, varm kveldsmatt fredag, middag laurdag samt kaffe- og teavtale hele helgen. Det vil i tillegg bli sal av kake og diverse anna i leiarkroa. Alle leiarar må ha med eigen kopp, tallerk og bestikk.  
Hugs å gi beskjed om eventuelle allergiar når du melder deg på, sånn at me kan prøve å tilpasse menyen til deg. Det er **ikkje lov** å tilberede varm mat på leiområda for leiarar pga brannfare.

## Hotelt

Det vert jobba med ordning for hotelt, meir informasjon kjem i eit eige informasjonsbrev for reiseleiarar som blir sendt ut i veke 21. Gi beskjed om du ynskjer plass. Pris blir 200 kr per person.

## Etikk og sikkerhet

På NM kan det førekomme at gutar og jenter deler patruljeområde og telt. Me oppfordrar foreldre/leiarar å snakke med sine speidarar sånn at alle forstår kva som riktige greinser. Me har vaktar i leiområdet både dag og natt.

## Utstyr til konkurransene

Følgjande utstyr skal alle patruljar ha med til å gjennomføre ulike oppgåver på NM:

- Skrivesaker
- Førstehjelpsutstyr
- Ei presenning på minimum 2x3 meter
- 1 speidarkniv per speidar
- Måleband/tommestokk
- Sag
- Øks
- Maling og/eller tusjar
- Litermål
- To kompass, eit av kompassene skal ha 360 graders inndeling og cm-linjal
- Sysaker
- Ein stormkjøkkenkjele på mellom 1.5 og 2 liter med stormkjøkkenhandtak
- Gass eller parafinbrennar (av sikkerhetsmessige årsakar vil raudspritapparat ikkje godkjennast). Bensindrevet primus er tillat. Ingen variantar av grill vert godkjent.
- Brannteppe og brannbøtte
- Eiga bøtte for utslagsvatn

## Påmeldingsfristen er 15/5. Endringar kan gjerast fram til 20/5 (Obs – endra frist!).

Alle speidearar/leiarar og andre involverte på NM må vere påmeldt i medlemsystemet til hhv. NSF og KFUK-KFUM (vær vennleg og fyll ut alle fanene/felta i påmeldinga). Alle gjester må vere registrert i sekretariatet. Dette slik at me veit kven som er tilstade.

Har du spørsmål om påmelding, ta kontakt med [Øyvind Øygarden](#) hos KFUK-KFUM eller [Ksenia Sazonova](#) hos NSF.

Eventuelle endringar etter 20/5 må gjerast ved å senda ein e-post til arrangør på [post@rogalandspeider.no](mailto:post@rogalandspeider.no)

## NM T-skjorte

Denne bestillast og betalast via nettbutikken [speider-sport.no](http://speider-sport.no) (i forkant av NM).

T-skjortene blir UTLEVERT i butikken til Speider-sport på leiområdet til NM i speiding på Jæren.

T-skjorta bestillast her: <https://speider-sport.no/nm-t-skjorte.html>

Det vil komme eit nytt informasjonsbrev i veke 22.



Dersom det er noen som ønsker å delta på NM i Stab: Ta kontakt med oss enten på Facebooksida vår eller på e-post til [post@rogalandspeider.no](mailto:post@rogalandspeider.no)

Speidarhelsing prosjektleiarane

*Anne Valen og Tolleiv Strand Ree*

